




Bassengomkamp i kommunestyret?

Sist veke tilrådte eit samrøystes formannskap auka opningstider for bassenga både på Åheim og i Syvde. Men på møte i same organ tysdag kom

det opp spørsmål om dette var rett prioritering av midlar. Måndag skal saka avgjerast i kommunestyret.

SIDE 5



Konsert i særklasse

Ytre Suløens sin konsert i kyrkja på Slagnes vart ei oppleving som seint vil gløymast, og ei flott markering av ein lokal multikunstnar sin 80-årsdag. Det vart ein varm hyllest til musikaren, grafikaren og mennesket Einar Aarø i hans barndoms kyrkje.

SIDE 7



170.000 frå Fylkesmannen

Leiinga i Vanylven og Herøy kommunar er i går og i dag i møte om ein samarbeidsmodell som har vekt interesse både hos fylkesmannen og andre. Mellom anna skal samarbeidsprosjekta samordnast i eit sams politisk utval.

I går vart det kjent at kommunane får 170.000 kroner til arbeidet, som vi kjem grundig tilbake til i neste nummer.

Vi tenner våre lykter

Vi er inne i den mørkaste av året sine månader, men samstundes kanskje den som byr på mest lys. Denne helga starta førjulstida for alvor.

Her er det søstrene Live (til høgre) og Vår Nystøyl Kleppe som tenner faklar saman med Elise Berge (i midten) før fakkeltoget på Fiskå.

Kom og sjå vårt store utval i Alloc baderomspanel med flismønster! Fast lavpris!

FARGERIKE
Spesialforretninga i Syvde
Tlf.: 700 20 800

ALLOC

PERIODISK
KØYRETY-
KONTROLL



Autorisert verkstad Tlf 57 85 65 45

Lat oss teste
synet ditt!

Tinging av time: 70 07 70 19



OPTIKK VOLDA

Tlf. 70 07 70 19, Holmen 7, 6100 Volda